



Austebygd Grendalag
c/o Knut Sylta Valdersnesvegen 61
5939 Sletta

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7347 - 22/22377

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
17.03.2022

Vedkomande søknad om bade plass, rasteplass og parking - gbnr 499/2, 499/4 og 499/9 Ystebø

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 499/2
Tiltakshavar:
Ansvarleg sækjar:


Vi syner til Dykkar søknad om etablering av bade plass, rasteplass og parking. Vi ser oss lei for at søknadsprossa har trekt ut i tid. For at vi skal kunne handsame denne er det naudsynt å få ei avklaring av parkeringsløyising og gangbru mot kommunal veg. Vi har vore i dialog med vegavdelinga her i kommunen som har vurdert tiltaket og gitt merknader til utførsles og saksprosess.

Parkeringsplass:


Det må sækjast til kommunen om etablering av ny avkøyrsla frå parkeringsplass og inn på kommunal veg. Parkeringsplassar langs offentlege veger skal ha ei definert avkøyrsla slik at ein unngår rygging inn frå og ut i kommunevegen.

Dette er eit krav som vert sett av omsyn til tryggleik til dei som ferdes i og langs vegen. Med søknad skal det leggjast ved situasjonsplan som viser parkeringsplass, avkøyrsla med svingradius og siktsoner. Snuareal må også være vist

Detaljteikning for avkøyrsla



Lengdeprofil for avkøyrsla



Når det gjeld storleik på parkeringsareal må dette gå fram av situasjonskartet. Vi ber her om at ein tar konkret stilling til kor stort areal som er naudsynt for å dekke parkeringsbehovet for badeplassen.

Gangbru:

Omsøkte gangbru må ikkje komme i konflikt med kommunal grøft langs vegen for å sikre at det kan utførast vedlikehald langs vegen. Vi ber difor om informasjon om avstand i frå vegkant og til gangbru.

Dispensasjon i frå byggjegrænse mot offentleg veg:

Det må søkjast til kommunen (vegavdelinga) om dispensasjon frå byggjegrænse mot offentleg veg for etablering av parkeringsplass og gangbru.

Dersom De har spørsmål knytt til teknisk utførsles av parkeringsplass eller avkøyrslø ber vi om at De tar kontakt med avdeling for Samferdsel her i kommunen.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Austebygd Grendalag

c/o Knut Sylta
Valdersnesvegen 61

5939 Sletta